

Saksnr: 2022/2950-10**Saksbehandlar:** Charlotte Espeland

Avdelingsdirektør etter fullmakt

Vedtak av DKS-programmet til grunnskulen skuleåret 2022/23

Avdelingsdirektør gjer følgjande vedtak:

Vedtak

1. Følgjande produksjonar (Gruppe 1) vert teke inn i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program til grunnskulen for skuleåret 2022-2023:

| Tittel: | Gruppenamn/kunstnarnamn | Uttrykk | Lokal | Anna |
|---|---|------------|-------|--------|
| 1.-7.trinn | | | | |
| Ei kjedeleg bok | Vegard Markhus | Litteratur | Lokal | |
| Mel lom rom met | Atle Håland og Morten Liene | Litteratur | | |
| Regnbuesommer – Forfatterbesøk | Camilla Otterlei | Litteratur | | |
| Bo flyttar ut/visuell historiefortelling | Trude Tjensvold | Litteratur | Lokal | |
| V for vennskap | Nina Elisabeth Grøntvedt | Litteratur | | |
| Æsj! | Reidar Kjelsen | Litteratur | | |
| Et annerledes forfatterbesøk | Christin Grilstad Prøis og Pål Øivind Prøis | Litteratur | | |
| To hundre og sextini dagar | Roald Kaldesad og Roy Ole Førland | Litteratur | Lokal | |
| Farfars bombekrater | Adele Lærum Duus | Litteratur | Lokal | |
| Bach Goes HipHop | Ole Petter B. H. Knarvik, David Bryn, Werner Bryn | Musikk | Lokal | |
| Tenk om eg var ein tanke | Nynorsk kultursentrum for Mari Ljones og Annlaug Børsheim | Musikk | Lokal | |
| Vandre | Sigrid Moldestad og Torbjørn Netland | Musikk | Lokal | |
| RÓHTA - Norden for 1000 år siden | Elin Kåven, Martin Ulvin og Espen Wenaas | Musikk | | Samisk |

| | | | | |
|--|--|---------------|-------|--------------|
| Jubelblues | Arle Hjelmeland, Morten Skage, Atle Johannessen og Jakob Monsen Hjelmeland | Musikk | Lokal | |
| Madame Krystall | John Kristian Karlsen, Sveinar Aase og Åse Krystad | Musikk | | |
| Rockesock med Naboen min | Vegard Markhus og Bjørnar Sangolt | Musikk | Lokal | |
| Lyriaka | Øyvind Gravdal, Øyvind Fosgaard og Jon Arne Sande Bjørnstad | Musikk | | |
| BRAZZ | The Brazz Brothers | Musikk | | |
| Tippe tippe tue | Ole Nilssen, Malin Alander og Ingrid Schei Stuhaug | Musikk | Lokal | |
| Skjerm meg | David Bryn, Ole Petter Knarvik, Werner Bryn | Musikk | Lokal | |
| Edith | Johanne Løkensgard Mjøs og Jon Bugge Mariussen | Musikk | Lokal | |
| Drum Drum | Benita Haastrup, Kaare Munkholm og Jens Skou Olsen | Musikk | | |
| ALO | Marit Hætta Øverli, Klemet Anders Buljo og Snorre Bjerck | Musikk | | Samisk |
| Elektrisk teikning | Oda Bremnes og Skade Henriksen Svennevig | Visuell kunst | | |
| Kunstnarmøte og verkstad i scenografi og kostymedesign | Dordi Strøm | Visuell kunst | | |
| Lyslek - Et kunstnarmøte og workshop om lys, skygge og gjennomsjinnelighet | Helen Mørken | Visuell kunst | | |
| Kva betyr tinga våre nå og framover? | Kathrine Skarsholt | Visuell kunst | | |
| Et øyeblikk i steinalderen | Cille Anglevik Hovslager og Kjeleflikker | Kulturarv | | |
| Spor i ord og joik | June Sommer Strask | Kulturarv | | Samisk |
| På kryss og tvers | Lisa Blom og Tor Harald Blom | Kulturarv | | |
| Kulturarv gjennom planter | Maria Dahl og Bendik Vatne | Kulturarv | | |
| Labyrint tilrettelagt | Jens Trinidad, Christine Nypan og Mathias Jin Budtz | Scenekunst | | Tilrettelagd |
| Harry Pätter (med Å) | Madam Pysj | Scenekunst | | |
| Danseworkshop med Absence | Absence | Scenekunst | Lokal | |
| Dragen - En Fortellingsforestilling | Ine Mariel Solbakken | Scenekunst | | |
| Raudhette og ulven | Teater Vestland | Scenekunst | Lokal | Institusjon |
| Jorda rundt på 80 dager | Feil Teater | Scenekunst | | |
| mellomland | Carte Blanche | Scenekunst | Lokal | Institusjon |
| AVATARES | Teater AVATAR | Scenekunst | | |
| Den siste dagen vi lekte | Kvadratteatret | Scenekunst | | |

| | | | | |
|---|---|------------|-------|----------------|
| 8.- 10.trinn | | | | |
| STATSMINISTER'N - Norge fra 1814 på 45 minutter | Odd Inge Skjævesland | Kulturarv | | |
| Mytologisk quiz | Ida Johannesen | Kulturarv | | |
| Fake news - Fra Snorre til Trump | Andrea R. Haave og Kristin K. Boge | Kulturarv | | |
| Sjukepleiar offshore | Forteljarkokeriet v/ Anne Elisebeth Skogen | Kulturarv | | |
| Dei verkelege sjørøvarane | Anders Totland | Litteratur | Lokal | |
| The Urban Legend - Klimaturné | Josef Yohannes | Litteratur | | |
| Krim for ungdom | Tor Arve Røssland | Litteratur | Lokal | |
| Third Culture Kids turné | Aon Raza Naqvi | Litteratur | | |
| Abraham i Bibelen og Koranen | Fortellerhuset v/ Mehda Zolfaqari og Alf Martin Lie | Litteratur | | Ungdommens val |
| Ett ord – bilder i kampen mot særskrivingsfeil | André Ulveseter | Litteratur | | |
| Bortebane | Line Hatland // Medieoperatørene | Film | | |
| Brennende Minner | Ellen Astri Lundby og Doris Wøhncke | Film | | |
| Et Viralt Eventyr | Audun Amundsen og Audun Kvitland Røstad | Film | | |
| Rumpa | Elisabeth Matheson og Nina Elisabeth Grøntvedt | Film | | |
| Sykkelfugl | Kari Klyve-Skaug / Nuten Film AS | Film | | |
| Odelsgut og Fantefølge - filmvisning og samtale | Merethe Offerdal Tveit | Film | Lokal | |

2. Produksjonane i Gruppe 2 (vedlagt) vert ikkje teke inn i programmet. Ettersom dei er godkjende av faggruppene skal administrasjonen hente produksjonar frå denne gruppa ved behov for erstatning eller utviding av programmet.

Samandrag

1090 produksjonar var meldt inn til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2022-2023. Alle produksjonane er vurderte av faggrupper, som har tilrådd 562 av produksjonane. Etter gjennomgang i faggruppene og administrativ handsaming er innkomne produksjonar delt i to grupper: gruppe 1 – produksjonar innstilt til DKS-programmet til grunnskulen for skuleåret 2022-23, gruppe 2 – produksjonar som er tilrådde av faggruppene. Produksjonar i denne gruppa som ikkje inngår i gruppa 1, utgjer eit tilfang for produksjonar til erstatning eller utviding ved behov.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Charlotte Espeland
seniorrådgjevar
Kulturformidling (KII-FOR)

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Innleiing

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde 4. juni 2020 slikt vedtak i sak 2020/304-4 *Organisering av arbeidet med Den kulturelle skulesekken*:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til framlegget til organisering av arbeidet med programmet for DKS, slik det er skissert i saka.
2. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fatte vedtak om DKS-programmet etter tilrådingar frå faggrupper innan kvart av dei seks uttrykka i DKS.

Programmet for DKS til grunnskulen for skuleåret 2022-23 vert på bakgrunn av dette lagt fram for avdelingsdirektør kultur, idrett og inkludering som fattar endeleg vedtak i saka. DKS-programmet til vidaregåande skule for skuleåret 2022-23 er lagt fram i eiga sak.

Prosedyrar for arbeidet med DKS

Vestland fylkeskommune har vedtatt prosedyrar for arbeidet med DKS. Prosedyrane er fundert på forvaltningsetiske prinsipp og sikrar ei god kvalitetsvurdering av produksjonane og transparente prosessar der alle utøvarar har likt høve til å fremme forslag til programmet.

- Berre produksjonar som er meldt inn via den nasjonale DKS-portalen innan 1. oktober vert vurdert for programmet.
- Alle produksjonar vert fagleg vurderte av faggrupper med eksterne og interne fagpersonar. Faggruppene tilrår produksjonar som kan inngå i programmet. Tilrådingane frå faggruppene er utgangspunkt for vidare arbeid med DKS-programmet.
- Eit ungdomsprogramråd vel tre av dei tilrådde produksjonane, to til programmet i vidaregåande skule og ein til programmet til ungdomssteget i grunnskulen.
- Seksjon for kulturformidling set saman DKS-programmet til grunnskulen og vidaregåande skule med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene, nasjonale føringar og kriterium som er vedtatt av Vestland fylkeskommune.

Kriterium for utval

I statlege føringsdokument er det formulert føringar for tildelinga av spelemidlar, og mål og prinsipp for DKS-ordninga. Vestland fylkeskommune har i tillegg vedtatt kriterium som definerer regionale prinsipp for DKS.

Følgjande kriterium ligg til grunn for utvalet av produksjonar i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program:

- a. Kvar produksjon i programmet skal ha kvalitet og profesjonalitet i innhald og formidling.
- b. Programmet skal som hovudregel gjennomførast i skuletida.
- c. Programmet skal ikkje erstatte delar av skulen si undervisning i estetiske fag.
- d. Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangrar, spelestad og formidlingsmåte. I det samla programmet skal det også vere produksjonar på tvers av uttrykk. Nyskapande kunst skal prioriterast.
- e. Programmet skal ha særleg vekt på regionale og lokale utøvarar.
- f. Programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
- g. Programmet skal ivareta minoritetar og leggje til rette for inkludering.
- h. Programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og ulike målføre.
- i. I det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- j. På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frilansutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30 prosent av volumet i høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule dersom det er grunnlag for det.

Modell for fordeling

Jamfør nasjonale føringsdokument skal elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring møte både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, kulturarv og litteratur av høg kvalitet i DKS. Dei kulturelle møta skal skje både på skulen og på større formidlingsarenaer, og det skal vere variasjon i formidlingsmåtene. På bakgrunn av dette har Vestland fylkeskommune utvikla følgjande modell for fordeling av produksjonar i DKS-programmet:

- Prioriterte uttrykk til 1.-4. steg: musikk og litteratur.
- Prioriterte uttrykk til 5.-7. steg: musikk, scenekunst og visuell kunst.
- Prioriterte uttrykk til 8.-10. steg: litteratur og film.
- Prioriterte uttrykk til vgs.: Alle uttrykk.
- Forslag innan kulturarv får plass i ulike deler av programmet.

Skuleåret 2022-23

1090 produksjonar var meldt inn til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2022-2023 via den nasjonale DKS-portalen. Alle produksjonane vart vurderte av faggrupper:

- Faggruppe musikk: Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, VLFK.
- Faggruppe scenekunst: Assitej Norge, Bergen dansesenter, Proscen (Produsentenhet for scenekunst), VLFK, lærarrepresentant.
- Faggruppe film: Vestnorsk filmsenter, Rogaland fylkeskommune ved ansvarleg for film i DKS, VLFK.
- Faggruppe litteratur: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Svidal Skriveri, VLFK, lærarrepresentant.
- Faggruppe kulturarv: Hordaland museumslag, VLFK, lærarrepresentant.
- Faggruppe visuell kunst: Visp (Produksjonsenhet for visuell kunst), Biletkunstnarane i Sogn og Fjordane, VLFK.

Av dei 1090 produksjonane som var meldt inn til programmet vart 562 tilrådde av faggruppene. Dei tilrådde produksjonane var utgangspunkt for vidare arbeid med framlegg til DKS-programmet til grunnskulen og den vidaregåande skulen. Av desse vart tre produksjonar valde inn i programmet av Vestland ungdomsutval, ein til ungdomssteget og to til vidaregåande skule.

Etter gjennomgang i faggruppene og administrativ handsaming er tilrådde produksjonar delt inn i to grupper:

Gruppe 1 – produksjonar innstilt til DKS-programmet til grunnskulen for skuleåret 2022-23.

Gruppe 2 – produksjonar som er tilrådde av faggruppene, inkludert produksjonane som er innstilte til programmet. Produksjonar som ikkje inngår i gruppe 1, utgjer eit tilfang for produksjonar til erstatning eller utviding ved behov.